

Vindmøller i Uskedalsfjella er framleis med i vurderinga.

07.02.2019



Kartet syner område der det kan bli aktuelt med vindmøller, frå Solfjell, Mannsvatn område mot sør og sørvest.

NVE sitt arbeid med Nasjonal ramme for vindkraft på land nærmar seg no slutten. Hovudrapporten skal offentliggjørast 1. april. I alt har dei peika ut 43 aktuelle område for utbygging over heile landet, og tre av desse omfattar deler av Kvinnherad.

Miljødirektoratet og Riksantikvaren har no kome med framlegg til område der dei ikkje ønskjer utbygging ut frå ulike verneinteresser. I Kvinnherad er det berre fjellområda i Mauranger som er tekne med her. Med dette er fjella kring Uskedalen framleis med i vurderinga.

I NVE sitt opphavlege forslag var nokre område merka som harde eksklusjonsområde og nokre som mjuke eksklusjonsområde. Desse er lite aktuelle for utbygging.

Så langt er det ein del område som korkje NVE, Miljødirektoratet eller Riksantikvaren har funne grunn til å skjerma. Fjellområdet Svanaheio-Mjelkhaug-Manen peikar seg ut som eit av dei mest aktuelle i Kvinnherad. Andre område, som ikkje er skjerma, er vestsida av Fjelbergøyane, Klosterneiset og Tofteåsen. Vidare fjellområda ved Mannsvatn og Ingahogg.



Illustrasjonsfoto som syner vindmøller med ei høgde opp mot 200 meter.

Det meste av Bjellandsneset, Åskesvika og Røyrvikemarka er merka som mjukt eksklusjonsområde, men her er det gjort unntak for eit område ytterst på Bjellandsneset.

Formannskapet uttalte seg til rammeplanen 11. oktober i fjor og vedtok følgjande:

1. Kvinnherad formannskap syner til saksutgreiinga og rår til at det vert teke vesentleg omsyn til denne informasjonen i det vidare arbeidet med kartlegginga av nasjonale interesser i samband med vindkraftutbygginga.
2. Kvinnherad formannskap bed på bakgrunn av ovannevnte at dei aktuelle områda i Kvinnherad vert tekne ut av plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.

Kvinnherad Turlag har engasjert seg sterkt mot vindkraftutbygging. Dei skreiv:

Naturen er for Kvinnherad noko av det viktigaste vi har for at folk skal trivast og for at nye tilflyttarar skal busetja seg i vår kommune. Vindmøllene lagar ubehageleg lyd, dei tek livet av fuglar, og dei vert til stor visuell forureining langs dei vakre fjellformasjonane vi har. (Lesarbrev i «Kvinnheringen» 12.10.18).

Regjeringa og NVE legg opp til ei storstilt utbygging på 30 Twh eller meir. Det vil innebera over 4000 nye vindmøller, for det meste langs kysten. Dagens vindmøller kan bli opptil 200 meter høge.

Tysk kapital har gått tungt inn i vindkraftutbygginga i Noreg. Utbygginga er ikkje lønnsam med dagens prisar, men blir subsidiert av norske straumkundar. Det skjer i form av såkalla grøne sertifikat, som er ei statleg avgift på nettleiga.

Tekst: Jostein Røstbø - henta frå Kvardagsprat

Foto: Frå utgreiinga/ Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal



Moreneryggane på Langhaugane ligg i det som kan bli eit utbyggingsområde. I sidemorenane finst det erosjonspor etter smeltevann frå bresmeltinga for vel 11000 år sidan.